

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Memurubu
Dato: 28.08.2017
Tidspunkt: 16:00 - 22:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Iselin Jonassen	FUNG. LEDER	
Bjarne Eiof Holø	MEDL	
Sandra Opheim	MEDL	
Leif Solemsli	MEDL	
Aud Hove	MEDL	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	LEDER	
Aleksander Øren Heen	MEDL	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Marit Aakre Tennø og Senea Sabanovic vart kalla inn som vara, men kunne ikkje stille.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Iselin Jonassen (sign.)

Bjarne Eiof Holø (sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 44/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 45/2017	Referatsaker		
RS	Vedtak i klagesak - Jotunheimen nasjonalpark - Oppføring av gjeterhytte i Russsdalen - Russsdalen Beitelag		2016/8595
RS	Utplassering av geocache på Besseggen - godkjenning		2017/4756
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Transport til Glitterheim - Trond Børge Åsbu		2017/4484
RS	Svar på søknad om tillatelse til persontransport til Glitterheim turisthytte		2017/4190
RS	Godkjenning av transport til Glitterheim - Jon Norbye		2017/4189
RS	Tillatelse til transport inn til Glitterheim i juli 2017		2017/4298
RS	Gjendebåten - dispensasjon - ekstraturar Gjendebu 2017		2015/3107
ST 46/2017	Delegerte vedtak		
5/2017	Delegert vedtak - Dispensasjon – Jotunheimen nasjonalpark – Ekstra transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og omegn		2016/3212
6/2017	Delegert vedtak - Dispensasjon - 2017 - Dronefilming i Utladalen - NewsLab		2017/4453
7/2017	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av motorbåt for transport i samband med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein		2017/4769
8/2017	Delegert vedtak – Utladalen landskapsvernområde – Dispensasjon – Helikoptertransport av material til Trollsjø utviding – Årdal Jeger og Fiskerforening		2016/5362
ST 47/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - 2020 - Vedhogst ved Memurubu - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine		2017/5042
ST 48/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2017 - Dronefilming i Jotunheimen og Utladalen - Nordisk Film og TV as	X	2017/5056
ST 49/2017	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2017/206

- Tidsfrist for behandling av saker

ST 50/2017 Eventuelt

ST 44/2017 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Vedtak

Innkalling godkjent

Bjarne Eiolf Holø vart vald til å signere protokollen saman med styreleiar.

ST 45/2017 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Vedtak

Referatsaker vart tekne til orientering.

Nasjonalparkstyret ønskjer å følgje opp referatsak 2016/8595, vedtak i klagesak.

Vedtak i klagesak - Jotunheimen nasjonalpark - Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Russdalen Beitelag 2016/8595

Utplassering av geocache på Besseggen - godkjenning 2017/4756

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Transport til Glitterheim - Trond Børge Åsbu 2017/4484

Svar på søknad om tillatelse til persontransport til Glitterheim turisthytte 2017/4190

Godkjenning av transport til Glitterheim - Jon Norbye 2017/4189

Tillatelse til transport inn til Glitterheim i juli 2017 2017/4298

Gjendebåten - dispensasjon - ekstraturar Gjendebu 2017 2015/3107

ST 46/2017 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Vedtak

Delegerte saker vart tekne til orientering.

5/2017 Delegert vedtak - Dispensasjon – Jotunheimen nasjonalpark – Ekstra transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og omegn 2016/3212

6/2017 Delegert vedtak - Dispensasjon - 2017 - Dronefilming i Utladalen - NewsLab 2017/4453

7/2017 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av motorbåt for transport i samband med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein 2017/4769

8/2017 Delegert vedtak – Utladalen landskapsvernområde – Dispensasjon – Helikoptertransport av material til Trollsjø utviding – Årdal Jeger og Fiskerforening 2016/5362

ST 47/2017 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - 2020 - Vedhogst ved Memurubu - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine

Forvaltar si innstilling

Memurubu Turisthytte får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen NP § 3 pkt. 2.3 a) løyve til nødvendig hogst av ved som trengst i samband med drifta av turisthytta.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Hogsten skal skje i nærområdet til Memurubu, der det tradisjonelt har vore beita og henta ved slik at landskap og vegetasjon har vorte påverka og forma til eit ope landskap. Hogsten skal utførast som plukkhogst, og det skal setjast att enkelttre som gjev området eit preg av hagemark/beitemark. Ytre avgrensing er kommunegrensa til Vågå, Muru og Hestbekken.
- Hogstavfall skal samlast saman og plasserast slik at det er minst mogleg synleg i landskapet.
- Bruk av traktor i samband med vedhogst og transport av ved skal følgje etablerte vegar og kjørespor, og det skal ikkje lagast nye spor på bermark. Eventuelt behov for inntransport frå terreng til etablert kjøreveg skal fortrinnsvis løysast ved bruk av vinsj eller transport med snøscooter på vinterføre.
- Nødvendig motorferdsel knytt til vedhogst må innarbeidast i det fleirårige løyvet for Memurubu, som skal fornyast og vurderast etter ny forskrift seinare i år.
- Løyvet gjeld for perioden 2017-2020, og blir automatisk forlenga for eitt år om gongen dersom ingen av partane ser behov for ny vurdering.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for innhenting av eventuelt løyve til hogst frå grunneigar/Statskog.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Vedtak

Memurubu Turisthytte får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen NP § 3 pkt. 2.3 a) løyve til nødvendig hogst av ved som trengst i samband med drifta av turisthytta.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Hogsten skal skje i nærområdet til Memurubu, der det tradisjonelt har vore beita og henta ved slik at landskap og vegetasjon har vorte påverka og forma til eit ope landskap. Hogsten skal utførast som plukkhogst, og det skal setjast att enkelttre som gjev området eit preg av hagemark/beitemark. Ytre avgrensing er kommunegrensa til Vågå, Muru og Hestbekken.
- Hogstavfall skal samlast saman og plasserast slik at det er minst mogleg synleg i landskapet.
- Bruk av traktor i samband med vedhogst og transport av ved skal følgje etablerte vegar og kjørespor, og det skal ikkje lagast nye spor på bermark. Eventuelt behov for inntransport frå terreng til etablert kjøreveg skal fortrinnsvis løysast ved bruk av vinsj eller transport med snøscooter på vinterføre.
- Nødvendig motorferdsel knytt til vedhogst må innarbeidast i det fleirårige løyvet for Memurubu, som skal fornyast og vurderast etter ny forskrift seinare i år.
- Løyvet gjeld for perioden 2017-2020, og blir automatisk forlenga for eitt år om gongen dersom ingen av partane ser behov for ny vurdering.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for innhenting av eventuelt løyve til hogst frå grunneigar/Statskog.

ST 48/2017 Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2017 - Dronefilming i Jotunheimen og Utladalen - Nordisk Film og TV as

Forvaltar si innstilling

Søknad om flyging med drone krev behandling etter § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48. Her er det krav om at tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Det vert vurdert at presedensverknaden av underhaldningsserie på tv kan bli så store at søknaden vil påverke verneverdiane. Søknaden vert derfor avsløge.

Vedtak

Søknad om flyging med drone krev behandling etter § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48. Her er det krav om at tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».

Søknad om droneflyging ved Vettisfossen vert innvilga fordi området er i ei brukssone i forvaltningsplanen og Vettisfossen er eit turistmål som toler auka bruk. September er ei mindre sårbar årstid for dyrelivet og produksjonen har særleg stor marknadsføringsverdi.

Søknad om dronefilming ved Store Austabotntind vert avslege fordi område er i ei vernesone i forvaltningsplanen.

ST 49/2017 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tidsfrist for behandling av saker

Forvaltar si innstilling

Med bakgrunn i fastsette tidsfristar og krav til kunnskapsbasert forvaltning i gjeldande vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, fastset styret slike søknadsfristar for saker som skal behandlast etter verneforskriftene:

1. Saker til behandling i Nasjonalparkstyret 2 veker før planlagt oppdrag
2. Saker til behandling i Arbeidsutvalet 1 veke før planlagt oppdrag
3. Saker med administrativ behandling Minimum 3 verkedagar før oppdrag

Søknader som kjem seinare enn desse fristane kan ikkje påreknast å bli behandla før planlagt oppdrag. Fristane blir kunngjort på nettsida til nasjonalparkstyret.

For akutte situasjonar som krev rask oppfølging for å hindre skader/ulempar, og der søkjar ikkje kunne hatt moglegheit for å planleggje, vil sakene likevel bli fylgde opp i samråd med forvaltarane og styreleiar.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Vedtak

Med bakgrunn i fastsette tidsfristar og krav til kunnskapsbasert forvaltning i gjeldande vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, fastset styret slike søknadsfristar for saker som skal behandlast etter verneforskriftene:

1. Saker til behandling i Nasjonalparkstyret 3 veker før oppsett møtedato i møteplan.
2. Saker til behandling i Arbeidsutvalet 1 veke før planlagt oppdrag
3. Saker med administrativ behandling 1 veke før planlagt oppdrag

Søknader som kjem seinare enn desse fristane kan ikkje påreknast å bli behandla før planlagt oppdrag. Fristane blir kunngjort på nettsida til nasjonalparkstyret.

For akutte situasjonar som krev rask oppfølging for å hindre skader/ulempar, og der søkjar ikkje kunne hatt moglegheit for å planleggje, vil sakene likevel bli fylgde opp i samråd med forvaltarane og styreleiar.

ST 50/2017 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 28.08.2017

Møtet vart innleia med ei orientering om turistbedrifta v/ eigaren, Kjetil Espen Sveine.

Det vart gjennomført ei omvising/synfaring rundt på bedriftsområdet, der ein særleg såg på utfordringar knytt til kraftverket i Hestbekken. Styret fekk også orientering om bygningsmessige utbetringar som Sveine kunne tenkje seg å gjennomføre etter kvart. Styret såg på bygget for enkle overnatting til grupper og skuleklassar. Dette bygget stettar ikkje lenger branntekniske krav.

Pålegg om endra farge på bygningsmassen vart drøfta. Styret har ikkje innvendingar mot at dei prøver ein gråfarge, men er opptekne av at fargen ikkje vert for lys. Fjellgrå var nemnt som eit godt alternativ.

Matrise med gruppering av dronesøknadar vart diskutert. Endeleg matrise vert utarbeida i samband med arbeidet med forvaltningsplan.

Til slutt i møtet tok Iselin Jonassen opp vedtak i klagesak om gjetarbu ved Russvatnet.

Tysdag 29.08 var Bjarne, Aud, Sandra og Leif med på synfaring over Besseggen.

Vedtak

Viser til referatsak om gjetarbu Russvatnet (ref.nr. 2016/8586) og ny søknad frå Russdalen Beitelag. Nasjonalparkstyret vil følgje opp saka politisk, og ber om eit møte med Klima- og Miljødepartementet. Aktuelle deltakarar: Medlemmene i Arbeidsutvalet og Oppland fylkeskommune sin representant i styret.